

Å REISE LANGS KYSTPILEGRIMSLEIA

Å reise pilegrim i Norge er meir enn ei reise gjennom Norden si historie, europeisk tradisjon og norsk kultur. Det er også ei heilt personleg oppleving.

Både norske og utanlandske pilegrimar valfarta langs kystleia til Nidaros, som var det viktigaste pilegrims-målet i Nord-Europa fram til reformasjonen i 1537. Mest sannsynleg vart pilegrimsreiser med utgangspunkt frå stader langs Vestlandskysten føreteke langs kystleia.

I følgje Adam av Bremen føretrakk pilegrimar sjøvegen, i iallfall når dei kom frå Danmark eller Nord – Tyskland;

"Viss ein seglar frå Ålborg eller Vendsyssel i Danmark, kjem ein i løpet av ein dag over til Viken, som er ein by i Noreg (truleg Oslo). Derfrå held ein til venstre og seglar langs Noregs kyst, og på den femte dagen når ein fram til byen Trondheim. Ein kan også reise ein anna veg, som fører frå danskane sitt Skåne over land til Trondheim. Men denne vegen over fjella tek lengre tid, og ettersom han er føregull, blir han unngått av reisande"

(Kjelde: Adam av Bremen, år 1075)

Det var raskare å ferdast i båt enn på land. I mellomalderen nytta ein seg av naturlege hamner langs leia, og ved dei viktigaste hamnene vart det montert fortøyningsanordningar som skipa kunne fortøyast i. Dei fleste sjøfarande pilegrimar hadde ikkje eigne skip, og heller ikkje råd til å betale for seg, så det var derfor vanleg å hyre seg som mannskap.

Vikingkongen Olav Haraldsson, seinare Olav den Heilage var sjølv ein erfaren sjøfarar – ikkje minst etter å ha reist i viking i mange år. Langs heile kysten finn vi fenomen som folk har forklart gjennom helgenkongens nærleik og handlingar. Til dømes skal Olav ha opna sunda ved Tysnesøy i Sunnhordland og Korssundet ved Eivindvik i Sogn.

På fjellet Hornelen i Bremanger i Sogn skal Olav ha mant eit troll i stein – som den dag i dag står i fjellsida og kan sjåast frå seglingsleia (Olsen 2013:68- 69). På Ege i Egersund finn vi ein av landets finaste esker – St. Olavsormen som vart freda allereie i 1972. Dette er ein lang og buktande åsrygg av grus og stein avsett av isen, og også denne blir knytt til helgenkongens handlingar. I følgje segna er dette Midgardsormen som prøvde å komme seg frå fjorden og opp til eit vatn innafor. Her vart han drepen av kong Olav – og han vart liggande som eit bevis på kongens siger.

På denne måten sette Olav sine spor både i kystlandskapet og i kystbefolkninga sin bevisstheit. Mange av desse segnene kan ha blitt spreidde av pilegrimane som valfarta langs leia, og pilegrimane har truleg spela ei viktig rolle som tradisjonsformidlarar.

(Kjelde: Forprosjektrapport Irene Baug 2012)



FÅ OLAVSBREVET

Alle pilegrimsvandrarar kan kjøpe eit pilegrimspass. Stempel til passa kan ein få på utvalde nøkkelstader, representert ved utvalde kulturminne og kulturmiljø som har ei historie knytt til kristninga og pilegrimsvandringane i mellomalderen. Kystpilegrimane mottek Olavs brevet mot framvising av minimum seks stempel frå nøkkelstadane langs leia. Olavs brevet vert gitt ut ved Nidaros Pilegrimsgard, Trondheim. Pilegrimspasset med stempel og påteikningar er dokumentasjon.

Tek du utfordringa? Les meir på pilegrimsleden.no



PLANLEGG REISA PÅ PILEGRIMSLEDEN.NO

På pilegrimsleden.no finn du meir informasjon om kystpilegrimsleia i Norge og tips til reisemåte. Gjennom appen AiSpot kan ein leite fram Kystpilegrimsleia. Den er gratis å laste ned. Ved hjelp av denne kan du lese om nøkkelstader, kyrkjer, kulturminne, transport, samt forslag til stader å spise og overnatte m.m.

Nasjonalt pilegrimssenter
Bispegata 11
7012 Trondheim

E-post: post@pilegrimsleden.no
Tlf: 73 89 08 00
Web: pilegrimsleden.no



KYSTPILEGRIMSLEIA

Europeisk tradisjon,
nordisk historie,
norsk kultur. Og samtidig
ei heilt personleg
oppleving.

Få tips til reisa på www.pilegrimsleden.no



Pilegrimsledene i Norden, eller St. Olavsvegane til Trondheim, består av eit rutenettverk på 500 mil, der vel 200 mil er i Norge.


 Alle ledene er merka med St. Olavsveg logo både i Norge, Sverige og Danmark.

Det å legge ut på ei pilegrimsreise over tid, borte frå kvardagen, innbyr til refleksjon over dei store spørsmåla; Kven er eg? Kva vil eg? Kor går eg? Kanskje vil eg gjera nye val?

Vi snakkar om ei ytre og ei indre reise. Den ytre reisa går mot ein heilag stad, den indre reisa er retta mot Gud. Den ytre reisa kan vere med på å utløyse den indre. Mange fortel at pilegrimsvandring rører ved ein. For nokon har den utløyst gudstru, andre opplev at fokus på pilegrimsmotivet styrker ein i trua og gir hjelp til livstolkning og livsmeistring.

*Når din båt
Har ligget for lenge til ankers i havnen
og lar deg tro at den er et hus.
Når din båt
lar fortøyningene slå rot
i en urørlig kai.
Da er det tid
for å lette anker!
Da haster det med å redde
din båts reiselystne hjerte
og din egen pilegrims sjel.*

Dom Helder Camara



KYSTPILEGRIMSLEIA

Kystpilegrimsleia byr på mange og store kontrastar. Havet i storm og stille. Voldsomme krefter. Stupbratte fjellsider i frådande skumsprøyt. Lune vikar med blankslitte svaberg. Det barske og spektakulære. Stille susing og mjuke bølgeskvulp. Havørn. Fiskestim.

Leia startar i Egersund og følgjer kysten av Norge til Trondheim og Nidaros. Heilage stader og kulturminne ligg som perler på ei snor langs leia og fortel ei viktig historie om kystkultur, levekår og kristninga av landet vårt. Vi møter helgenar og legender, kristningskongane Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson, tingstader, gamle steinkors, kyrkjer m.m. Vi får ta del i historia som har vore med å forma oss og folket vårt dei siste tusen år.

Som for 1000 år sidan er det gjerne lettast å reise kystpilegrimsleia dersom ein har eigen båt. Langs mange strekkingar er båtrutene lagt ned til fordel for undersjøiske tunellar. Mykje av leia lyt derfor reisast med landtransport, men ein får likevel med seg den spektakulære kysten.

Ein kan reise leia gjennom bestilte turar som tek 11 dagar frå start til stopp. På denne reisa inviterer kyrkja inn i særprega farvatn med tema for stadane og reisa. Tekstane kan ein lese meir om på www.pilegrimsleden.no:

Dag 1: **Oppbruddet:** Egersund – Stavanger – Obrestad/Hå gamle prestegard – Utstein
Dag 2: **Opphav:** Avaldsnes – Moster – Bømlo – Rosendal
Dag 3: **Opplysning:** Lystekloster – Fana – Bergen – Skjerjehamn
Dag 4: **Rettferd:** Eivindvik – Krossteigen – Flolid – Hyllestad – Florø – Svanøy
Dag 5: **Tru:** Kinn – Selja
Dag 6: **Fellesskap:** Vestkapp – Dragseidet – Åheim – Herøy – Ulsteinvik
Dag 7: **Kyrkjebygg som heilag stad:** Borgund – Giske – Molde
Dag 8: **Heilag stad:** Veøy – Kværnes – Kristiansund
Dag 9: **Himmel og Hamn 1:** Smøla/Edøy – Dolm – Ørlandet
Dag 10: **Himmel og Hamn 2:** Austrått – Rein – Trondheim
Dag 11: **Ved målet:** Nidarosdomen

Ein kan også reise på eige initiativ, heile turen eller dele den opp i etappar. Forslag til etappar kan ein finne på www.pilegrimsleden.no. Her ligg det også forslag til etappar som eignar seg godt for vandring.

Langs leia har ein plukka fram 26 nøkkelstader som er vel verdt eit besøk. Ved stempel frå seks av desse kvalifiserer ein for å motta Olavsbrevet. Desse nøkkelstadane er:

ROGALAND:

Egersund
Obrestad fyr/Hå gamle prestegard
Stavanger/Stavanger domkirke
Utstein Kloster/Utstein Pilegrimsgard
Avaldsnes

HORDALAND:

Bergen med Bryggen, Holmen/Bergenshus, Lysekloster
Halsnøy Kloster
Moster
Kongshaugen på Seim
Kongsgarden Lygra

SOGN OG FJORDANE:

Selja Kloster
Kinn kyrkje
Gulatinget
Kvernsteinparken
Svanøy Hovedgård

MØRE OG ROMSDAL:

Herøy
Giske
Borgund
Veøy
Kvernes
Smøla/Edøy

TRØNDELAG:

Hitra med Dolm kyrkje og Høpsjø handelsstad
Frøya med Sula
Ørland med Austrått og Ørland kyrkje
Indre Fosen med Reins kloster og Museet Kystens Arv
Nidaros - Trondheim

